

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Mette M. Træland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2184 - 19/31735

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
25.10.2019

BLÅKLOKKA BARNEHAGE - TILSYNSRAPPORT 2019

Den 25.10.19 gjennomførte Miljøretta helsevern eit tilsyn etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» i Blåklokka barnehage. Internkontrollsystemet, inne- og uteareal vart inspisert.

Styrar Rigmor Sletten og styrarassistent Cecilie Hella møtte frå verksemda. Teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde møtte frå miljøretta helsevern.

➤ **Heimel**

Folkehelseloven, kap. 3 og **Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.** samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

➤ **Historikk**

Blåklokka barnehage flytta inni nytt bygg på Holme i 2008. Barnehagen er ei 4 avdelings barnehage i aldersgruppa 0 – 6 år. Barnehagen vart godkjent etter forskrifta i 2008 for 118 barn over 3 år, og fekk ny godkjenning etter utviding i 2012 for 169 barn over 3 år. I 2015 vart netto leike- og opphaldsareal endra/reduisert og barnehagen vart godkjent for 156 barn over 3 år.

Miljøretta helsevern har utført tilsyn etter forskrifta i 2008, 2011, 2012 og 2015.

➤ **Tilsyn**

Blåklokka barnehage har eit netto leike- og opphaldsareal på 625 m², og er godkjent for 156 barn over 3 år. Tal barn i barnehagen justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og godkjent areal.

§ 9 i rettleiaren til forskrifta ("Miljø og helse i barnehagen») har sett norm for inneareal. Rettleiande arealnørmner tilseier eit areal på 4 m² for barn over 3 år og 5,3 m² for barn under 3 år. Uteområdet bør vere ca. 6 gongar større enn inneareal (24 m² for barn over 3 år og 33 m² for barn under 3 år).

I 2019 er det 100 barn i barnehagen, der 68 barn er over 3 år og 32 barn er under 3 år. Til denne barnegruppa treng barnehagen 442 m² netto leike- og opphaldsareal.

Blåklokka barnehage har tilfredsstillande leike- og opphaldsareal.

Avvik/merknad:

Definisjonar:

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i lov eller forskrift med heimel i lov.

Merknad: Forhold som tilsynsmyndigheita meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

Det vart ikkje avdekt avvik eller merknadar i høve til «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.»

Barnehagen vert drifra på ein tilfredsstillande måte for å ta i vare alle krav i forskrifta.

Med helsing

Tord Moltumyr
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Link:

[Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.](#)

[Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler](#)

Kopi til:

Martin W Kulild
Meland kommune
Mette M. Træland

Postboks 79 5906

Frekhaug